



LINDÅS KOMMUNE

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon

Rune Johan Mikkelsen, 5557 2181

Referat frå kommunebesøk om skogforynging 2019

Viser til vårt besøk i kommunen onsdag 10. juni 2019, om skogforynging 2019.

Vi starta dagen på kontoret med samtale om kommunen sine rutinar for kontrollarbeidet (foryngingskontrollen, resultat og miljøkartlegginga og NMSK-5% kontrollen), retningslinjer for bruk av NMSK-tilskot og omdisponert areal etter hogst. Vår oppfatning er at kommunen har gode rutinar og ein plan for å gjennomføre kontrollarbeidet i 2019.

Etter vår samtale på kontoret reiste vi ut i felt for synfaringar av seks plantefelt.

Synfaringane viste at ein del planter var døde. Vår oppfatning er at plantene i hovudsak har døydd av klimatiske påverknadar (tørke og frost), og i mindre grad av gransnutebille og hjortebeiting. Vi kunne sjå ein trend at dei største (M60) plantene som var voksa, i overvekt har overlevd, medan dei minste (M95) utan voks, var døde. Vi meiner det er trong på suppleringsplanting.

Oppfølging etter vårt besøk

Etter vår oppfatning er det trong for suppleringsplanting på ein del av areala vi synfarte. Vi meiner at Lindås kommune må kontakte AT-Skog og Nortømmer for ein dialog om plantekvalitet, planteval og tidspunkt for planting, for desse synfarte areala. Vidare må kommunen kontakte dei skogeigarane som har plantefelt utan tilfredsstillande forynging, for oppfølging med suppleringsplanting.

Om Lindås kommune har merknader til vårt referat, ta kontakt med oss innan 1. oktober 2019.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Rune Johan Mikkelsen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent